



UNIVERSITETET I BERGEN

**Universitetet i  
Bergen**  
Institutt for arkeologi,  
historie, kultur- og  
religionsvitenskap

Jobbnorge-ID: 99653

Søknadsfrist: Avsluttet

Nettside:

Omfang:

Varighet:

## 2 åpne stipendiatstillinger ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap

Ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap er det ledig to stipendiatstillinger med tilsetjing frå 15.08.2014.

### Kvalifikasjonskrav

Søklarar må ha mastergrad eller tilsvarende høgare utdanning. Graden må vere oppnådd innan søknadsfristen er ute.

Ein kan søkje innan følgjande fagområde:

- arkeologi
- historie
- kulturvitenskap
- religionsvitenskap

Sjå instituttet sine heimesider [www.uib.no/ahkr](http://www.uib.no/ahkr) for oversikt over fagområda.

**Prosjektet må høyre inn under eitt av dei fire faga og vil verte vurdert i lys av forskingskompetansen ved instituttet. Hovudrettleiar vil som regel vere fast tilsett ved instituttet. Det skal gå fram av søknaden kven som har stadfesta å kunne vere hovudrettleiar for prosjektet.**

### Løn

Løn etter lønssteg 50 (kode 1017/LR 20/alt.8) i statens lønsregulativ (for tida: NOK 420.800 årleg). Vidare opprykk skjer etter tenesteansiennitet i stillinga. Frå bruttoløna vert det trekt 2 % til medlemskap i Statens pensjonskasse.

### Om stillingane

Dei som vert tilsette, vert tekne opp på doktorgradsprogrammet ved Universitetet i Bergen. Stipendiatstillinga har som hovudmål å leie fram til ein ph.d.-grad, som kvalifiserer for sjølvstendig forskingsverksemd, og for anna arbeid i samfunnet som krev særleg kompetanse.

Samla tilsetjingsperiode er fire år. Utdanning- og forskingsdelen av stillinga utgjer tre år, og undervisning/forskningsadministrativt arbeid utgjer inntil eitt år og vert avtalt med instituttet ved tilsetjing.

Tilsetjing i stipendiatstillinga krev at ein har sin daglege arbeidsplass ved Universitetet i Bergen, Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap, og rettar seg etter dei retningslinene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få ved å vende seg til forskingskoordinator Knut S. Vikør, tlf. 55 58 27 11, e-post: [Knut.Vikor@ahkr.uib.no](mailto:Knut.Vikor@ahkr.uib.no) eller forskarutdanningskonsulent Anna Lisa Arefjord, tlf. 55 58 39 64, e-post: [Anna.Arefjord@ahkr.uib.no](mailto:Anna.Arefjord@ahkr.uib.no).

### Andre opplysningar

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetjing og rekruttere personar med innvandrarakgrunn. Personar med innvandrarakgrunn vert oppmoda om å søkje stillinga.

Kvinner vert spesielt oppmoda om å søkje. Dersom dei sakkunnige finn at fleire søklarar har tilnærma like kvalifikasjonar, vil reglane om kjønnskvalifisering i Personalreglementet for vitenskaplege stillingar verte følgde.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan verte gjorde offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje vert teken til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Tilsetjingskomiteen vil gjennomføra intervju med aktuelle søklarar før innstilling og tilsetjing.

### Slik søker du på stillinga

Søknaden skal sendast elektronisk via link på denne sida «SØK PÅ JOBBEN».

Søkjaren må nytte det elektroniske CV-skjemaet. I tillegg må dette følgje søknaden:

1. Prosjektomtale (inntil 5 sider)

2. Framdriftsplan for prosjektet
3. Litteraturliste for prosjektmøtet
4. Eit kort samandrag av hovudfagsoppgåva/masteroppgåva (inntil 3 sider). Dersom du ikkje har norsk mastergrad, kan du bli beden om sende inn heile masteroppgåva.
5. Vitnemål frå universitet/høgskule (skanna versjon) som viser at du har relevant utdanning
6. Liste over eventuelle vitskaplege produksjonar
7. Namn på føreslegen rettleiar

Vedlegga kan vere i Word- eller pdf-format. Vitnemål og eventuelle vitskaplege produksjonar må vere på eit skandinavisk språk eller engelsk. Omsette vitnemål og vitskaplege arbeid må vere fakultetet i hende innan søknadsfristen.

I tillegg gjeld følgjande krav: <http://www.uib.no/hf/21760/veiledning-s%c3%b8kere-til-stipendiatstillinger>

Eventuelle vitskaplege produksjonar med liste over desse (alt i 3 eksemplar) skal sendast til Universitetet i Bergen, Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap, postboks 7805, 5020 Bergen.

Spørsmål om elektronisk søknadsprosedyre kan sendast på e-post til Det humanistiske fakultet: [post@hf.uib.no](mailto:post@hf.uib.no).

Søknadsfrist: 10. mars 2014

Merk søknaden: 2014/522

## **Tilleggsinformasjon**

### **Arbeidssted:**